Førsteblad 1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5 | Fylke: Hordaland
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Sund
Emne: 5. Vassbering. | Bygdelag: Glesnes
Oppskr. av: Bj. Havneraas, | Gard: —"—
(adresse): Glesvær. | G.nr. 32/33 Br.nr. alle.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Vatnet bori med vassåk og to bötter. Vass-åket heiter „Vassel" [Korting av Vass-sele) og har utholing for halsen.




Eitt flatt trestykke oppi bytta heldt vatnet iro.

2 og 3 ukjent.

4. Kona og (om ein hadde) tenestgjenta. Vanlegvis bar ikkje mennene vatn; ein skikk som endå gör att.

5. Vatnet vert nok bori dei fleste stader endå men mannfolka hjelper til når dei er heime - særleg med vassbering til floren. Om vinteren er alle mann på fiske, og då er kvinnene åleine med vassberinga.

6. Nei, ikkje kjöring.

6377

7. Vassbrunnane har til dei seinste åra vori små. Ein nemner dei alltid som „bekk" – „gå i bekken etter vatn" – „flosbekken" „laga bekk i kjellaren" „skjota ut ein ny bekk" Dette med brunn i kjellaren (under stovehusa) var til for få ör sikan rekna for eit stort framsteg. Så hadde ein alltså vatn „i huset" og slapp gå ut etter det.

Ved löa-floren – var og er jamt tillaga ei lita kjelde der ein samlar flosvatn. Flosvatn bar ein også [framleies] frå ei opning (m. trapp) i ei holveit nor floren. Dei som ikkje hadde brunn i kjellaren bar drikkevatn (matv.) frå ei kjelda ute på marka, men truleg har matvatnet i lang tid framover vori henta or bekker og små sildrer sidan ein også no kalder brunnane for „bekk". Den tid husa stod i tun, (altså før utskift. i 1890 åra) hadde dei sams kjelder, ofte utan lok.

I den seinare tid (e. 1920) har vass-skillet komi seg nunaleg. Mange har laga seg store vassbrunnar, nedsprengt i fjell og med gode lok. Ikkje fullt så mange har lagt röyrar fram til husa, og difor vert det bori mykje vatn. Ein nyttar då ikkje vassel, for vegen er skutt. Sume har laga „takbrunn", dei samlar takvatnet (ikkje av pannetak) og tykkjer takvatnet er tilfredsstillande. Men til floren ber dei flecke vatn framleies or „flosbekken," ein kan ikkje bruka flosbekkene i den vanlege brunnen.

Det skal lite turke eller frost til før ein vert vasslaus (v.lens), og då har

6377

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

ein laug veg til næraste myrkjelde (som får sægvatn frå tornmyr) eller vatn (innsjö). Då kjem vasselen fram att, og e eit overmåte kjönt og nyttig reiskap.

Å gå etter to bötter vatn samstundes (ein berar) heiter å gå etter „ei for vatn" eller „ei vassfor."

Det hender at vatn vert kjönt om vinteren under tilhöve som nemnt ovafor, men det e ikkje vanleg.

---

Skilnaden e stor den dag i dag: ein finn at sume bruker dei gamle, uhygieniske opne kjeldene, med tilsig frå dyrka mark, men fleire og fleire får skore brunnar og får ved hjelp av elektriske automatpumper trykkvatn i kjøken og fjös – og der ein ynskjer det.

[illegible] 18/10 1951.

Bj. Havneraas.

6377

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING